



UNIVERSITETET I OSLO

Institutt for filosofi, idé- og kunsthistorie og klassiske språk

Forskningskonsulent

Om stillinga

Ei fast stilling som førstekonsulent (SKO 1408) er ledig ved [Institutt for filosofi, idé- og kunsthistorie og klassiske språk \(IFIKK\)](#).

Vi skal bygge eit team på inntil fire personar som skal vere instituttet si administrative gruppe for forskarstøtte. Forskarstøtta samarbeider tett med forskarane våre i alle fasar av eit forskingsprosjekt. Samarbeid med prosjektøkonom, forskingsrådgivarar i fakultetsadministrasjonen, EU-rådgivarar og juristar ved UiO er også ein del av ein hektisk, men spennande kvardag. Kompetansebygging står i fokus, mellom anna ved deltaking i det forskningsadministrative nettverket til Det humanistiske fakultet.

Vi søker deg som har erfaring med administrasjon av eksternt finansierte forskingsprosjekt og som ønsker å utvikle eigen kompetanse innan feltet. Du er god på å samarbeide med forskarar og administrative kollegaer og trivst med teamarbeid som ein del av arbeidskvardagen.

Arbeidsoppgåver

- Forskningsadministrativ saksbehandling, særlig knytta til eksternt finansierte prosjekt
- Oppfølging av gjesteforskarar
- Administrasjon av faglege arrangement, seminar og workshops med internasjonal deltagning
- Generell støtte til forskargruppene og instituttet sine ansatte, mellom anna rundt organisering av arrangement, møteplanlegging og hjelp til reiserekningar

Det kan også bli lagt andre oppgåver til stillinga.

Kvalifikasjonskrav

- Utdanning tilsvarende bachelornivå. Relevant og dokumentert realkompetanse kan erstatte utdanningskravet
- Svært god framstillingsevne på norsk og engelsk
- Interesse for budsjettering og rekneskap

Det er ein fordel med:

- Kjennskap til humanistisk forsking
- Erfaring med saksbehandling

Personlege eigenskapar

- Du trivst med å jobbe i team og er god på kommunikasjon
- Du har gjennomføringskraft
- Du er klar til å handtere fleire prosessar samtidig

Vi tilbyr

- Lønn frå kr 471 300,- til kr 534 900,- per år, avhengig av kompetanse
- Eit hyggeleg og stimulerande arbeidsmiljø
- God pensjonsordning i [Statens Pensjonskasse \(spk.no\)](#)
- Fleksibel arbeidstid, [gode velferdsordningar \(uio.no\)](#) og høve til trening i arbeidstida

Søknaden skal innehalde

- Søknadsbrev
- CV
- Vitnemål

Søknad med vedlegg må sendast inn via rekrutteringssystemet vårt, Jobbnorge.

Når du søker på stillinga, ber vi deg hente utdanningsresultata dine frå [Vitnemålsportalen.no](#). Om utdanningsresultata dine ikkje er tilgjengeleg via Vitnemålsportalen, ber vi deg laste opp kopiar av vitnemåla eller karakterutskrifta dine.

Aktuelle søkerar vil bli kalla inn til intervju.

Andre opplysninger

Etter offentleglova § 25 andre ledd kan opplysninga om søkeren bli offentliggjort sjølv om søkeren har bedt om ikkje å bli ført opp på søkerlista.

Vi viser òg til [regelverk for teknisk-administrativt tilsette](#).

UiO har en [overtakingsavtale](#) for alle tilsette med formål å sikre rettane til forskingsresultat m.m.

UiO har eit personalpolitisk mål om å oppnå ei balansert kjønnssamansettning og rekruttere personar med innvandrarbakgrunn.

Inkludering og mangfald er ein styrke. UiO har eit personalpolitisk mål om å oppnå ei balansert kjønnssamansettning. Vidare ønsker vi medarbeidarar med ulike kompetansar, fagkombinasjonar, livserfaring og perspektiv. Vi vil legge til rette for medarbeidarar som har behov for det.

Kontaktinformasjon

For spørsmål om stillinga: Administrativ leiar [Karen Haugland](#)

For spørsmål om korleis søke og søknadsprosessen: HR-konsulent [Anders Rykke](#)

Universitetet i Oslo

Universitetet i Oslo er den eldste og høgst rangerte forskings- og utdanningsinstitusjonen i Noreg, med 28000 studentar og 7000 tilsette. Fagleg breidde og internasjonalt anerkjende forskingsmiljø gjer UiO til ein viktig samfunnsaktør.

Institutt for filosofi, idé- og kunsthistorie og klassiske språk består av fire faggrupper: Filosofi, idéhistorie, kunsthistorie og klassiske språk (gresk og latin). Instituttet er også ansvarleg for examen philosophicum ved UiO. IFIKK har rundt 110 tilsette.

Jobbnorge-ID: 243097, Søknadsfrist: 2. mai 2023